

Stemningsrapport frå entreprenørskapsmessa på Kviknes hotell i Balestrand 19.2.2009



Ordførar Einar Målsnes ønskjer velkommen til dei ca 450 ungdomsskule-elevane frå Indre Sogn og lærarane deira.



Ole Johannes Øvretveit var ein kreativ programleiar.



C4 frå Høyanger leverte ein flott minikonsert under opninga.



Jentene frå *Dans utan grenser* var ikkje mindre dyktige!



Ungdomssteget ved Sagatun "tjuvstarta" med entreprenørskapsaktivitetar dagen før messa. På sjølve messedagen fekk alle elevane vere med på to av fagseminara: *entreprenørskap, etablering av eiga bedrift, ungdom og økonomi, kreativitet og design, marknadsføring og internasjonalisering.*



Elevane frå Fresvik skule med prosjektet *Utelær og sommarfjøs* var mellom vinnarane som vart premierte med kr 500 for utstillinga si.




Kaupanger skule hadde 4 elevbedrifter. *Vas2* var også mellom dei som merka seg særskilt ut og vart belønna med kr 500. Her ser vi Sander, Endre og Johannes med bedrift si: *Flisa*.



Det var eit grande liv i området utanfor Kviknessalen. Mellom dei som stilte ut var bedriftene *Macrame kurs & Hafslo Vaflar* og *Hafslo diskotek* frå Hafslo barne- og ungdomsskule. Juryen gav begge 500 kr under premieringa til slutt. Også *Godisloppene* frå Aurland barne- og ungdomsskule og *Aktivitetsskveld* frå Farnes skule fekk 500 kr.



Sogndal ungdomsskule stilte med heile 12 elevbedrifter som produserte alt frå bollar til ved. Juryen premierte *Fin ved*, *Kort og godt* og *Sogndal reklamefilm* med 500 kr.



Tenn på teknologi – kunnskapscontaineren vart presentert for elevar frå Sagatun og Leikanger og for lærarar frå alle skulane som deltok på messa

Messa var eit samarbeidsprosjekt mellom:

